



Fonna Forlag

PRESSEMELDING

JULEHEFTA FRÅ FONNA FORLAG 2016

Vangsgutane



Framsiden og nokre illustrasjonar frå hefta finn ein på heimesida www.fonna.no. Der finn ein også meir bakgrunnsstoff.

Vangsgutane 2016 – julehefte i 75 år.

Nils Nordberg har også i år skrive ei spanande forteljing i 75-års utgåva av Vangsgutane. Klassikarane i år er henta frå hefte 10- 1952. Den redaksjonelle artikkelen er skriven av Ottar Grepstad.

Det fyrste julehefte om Vangsgutane kom i 1941. Året før starta serien i Nynorsk Vekeblad. Det var forfattar Leif Halse og teiknar Jens R. Nilssen som stod for serien, som vart ein suksess frå fyrste stund. I dei siste ti-åra har ymse forfattar og teiknarar stått for serien. I år, som i fjor, er det Nils Nordberg som skriv og Ivar Andreassen som teiknar. Som ein kan venta når Nils Nordberg skriv, er Vangsgutane ute for dramatiske hendingar og hardbarka kjeltringar. Mor deira, Sigrid Vangen vert sjuk og må ha penicillin. Uver hindrar rutebåten å nå fram med medisinen, så Vangsgutane lyt ta seg fram på landevegen i uveret. Der råkar dei på to kriminelle karar som vil kidnappa sonedotra til storbonden Halstein Breiset. Slikt vert det spaning og dramatikk av.

Ein klassikar frå 1952 er også med, skriven av Leif Halse og teikna av Jens R. Nilssen. Det er tømmerhogst i Breisetskogen og ei nyvinning, ein traktor, kjem til hjelp. Sidan veret det tømmerfløyting nedover elva, ikkje utan dramatikk.

Ingeniør Knut Berg 2016.

Forlaget vil gje ut alle ingeniør Knut Berg-hefta i opptrykk. No står nr 4 – 1946 for tur.

Heftet er opptrykk av hefte nummer 4 frå 1946, med tekst av Vagleik Vikli (Hallvard Sandnes) og teikning av Ronald Stone (Jostein Øvrelid). Knut Berg, prinsesse Aima og munken Tala helt fram ferda gjennom jungel, sletter og fjell på jakt etter Den blåe diamanten og mot landet Kalimanko. Dei møter mange fårer og hindringar. Til sist hamnar dei på ei sydhavsøy, tekne til fangar av ein vill, lokal stamme. Medisinmannen vil ha dei i grytene sine.

Kontor: Underhaugsveien 9A, 0354 Oslo
Post: Boks 6912 – St.Olavs pl, 0130 Oslo
e-post: post@fonna.no

Telefon: +47 95 10 96 15
www.fonna.no

Bank: 8101.07.00116
Org.nr: 911 752 905